

Stormfull start på helga i Nordvest

Stormen som slo innover kysten fredag førmiddag beit godt ifrå seg, men utan å forårsake alvorlege skader på folk eller eigedom.

Stein Arne Lilleøy
stein@vestlandsnytt.no

Ulande vind, striregn, sjøsprøyt langt innover land og vrongde paraplyar over hovuda til folk som hasta avgarde. Fredagen baud på ein skikkeleg stormfull start på helga i Nordvest. Ekstremværet som på eit tidspunkt var varsla, vart det imidlertid ingenting av.

Medan stormen rasa fekk politiet inn meldingar om lause gjenstandar som til dømes pipehattar og båtar i drift. Det er likevel ikkje kome inn meldingar om alvorlege skader som følgje av uværet.

Som ein ser av bildet øvst gjorde vindretninga at bølgene stod rett inn mot land på Mjelstaneset, og sende sjøsprøyt langt inn i området.

Bilde til høgre viser Kopperstadmoljen, som også fekk plaska seg av vind og sjø fredag førmiddag.



Fagforbundet med merknader til Sande-plan

Fagforbundet i Sande har merknader til framlegget til ny helse- og omsorgsplan. Her kjem det fram eit ynskje om meir administrative ressursar.

Det gjeld innafor heimeteneste, sjukheim og eining for funksjonshemma.

Vidare ynskjer forbundet generelt meir personale, atuka

stilling til fysioterapi. I tillegg vort det peika på manglande samhandling på tvers av einingar og etatar. Ein vil ha meir vektmeistertjenester for heil-

mebuande, meir ressursar til rehabilitering/avlastning, meir dagtilbod til sjukeheimspasientar og betre koordinering mellom rus, psykiatri og eining for

funksjonshemming.

Fagforbundet har også fleire innspel, mellom anna oppretting av eit brukar- eller pårørandeutval.

Ny film om korrekt fangst-behandling om bord i fiskefarty

Norske fiskefartøy har dei beste fiseresultatene for A produsere fisk av høg kvalitet. Tap av kvalitet kan ikkje rettes opp igjen, og difor er det viktig å handtere fisken optimalt gjennom heile fangst- og produksjonsprosessen.

For å bidra til felles forståing av kvalitet og konsekvensane av feil fangstbehandling, har ei rekke samarbeidspartnarar delteke i arbeidet med ein film som no er klar til å distribuerast gratis til fiskarar.

Filmen er utarbeidd i samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Møreforskning Marin, Alesund Viderogående skole, SUROFI, Møre og Romsdal Fiskarlag og utvalde reiarlag og eksportørar. Filmopptaka ble leia av Margareth Kjerstad i Møreforskning og blei gjort om bord i banklinjefartyet Loran frå Godøya. Arbeidet er finansiert av Fiskeri- og Havbruksnæringsens Forskningsfond, SUROFI og VRI Møre og Romsdal.

God respons på kvalitet

Under Landsmøtet til Norges Fiskerilag sist veke blei det lansert ein heilt ny film på DVD om kvalitetsbehandling om bord i fiskefartøy.

Saman med Kari Lisbeth Fjortoft frå Møreforskning, hadde Janita Arhaug frå Møre og Romsdal Fiskarlag rigga seg til med ein stand på landsmøtet. Der delte dei ut DVD'ar gratis til fiskarane og andre med interesse for å lære meir om kvalitetsbehandling av fisk.

Og tilbakemeldingane på filmen var veldig gode.

Villige til å lære

Norges Fiskerilag som er den største fiskerifaglige organisasjonen i Noreg hadde samla over 300 medlemsutsendingar og gjester til Landsmø-

tet. Mange av desse viste stor interesse for å lære meir om korleis ein behandler fisk på rett måte.

Ein av dei som plukka med seg eit eksemplar av filmen, var Martin Leinebo frå Herøy fiskarlag. Han meiner det er viktig å ha fokus på at fiskarane må levere fisk av første-klasses kvalitet, og Leinebo trur denne kvalitetsfilmen kan vere eit viktig bidrag til å gi ei påminning om kva som er viktig å passe på.

– Sjølv om fiskarane ikkje alltid føler dei blir premierte for å levere god kvalitet, kanskje heller tvert imot når dei får akkurat same prisen som dei som leverer dårlegare kvalitet, er det viktig å bidra til at standarden blir heva på

generelt grunnlag, seier han.

Det er Sunnmøre og Romsdal Fiske-selslag som finansierte DVD'ane som Arhaug og Fjortoft hadde med seg til Trondheim. Dei var svært glade for tilbakemeldingane, og at fiskarane sjølve syntest det er bra at er laga ein film om ombordproduksjon av fisk.

I sakte film

Filmen viser dei ulike handteringane i sakte bevegelsar. Fiskarane har sjølvsagt ikkje tid til å jobbe så sakte som vår fiskar i filmen demonstrerer, og det var det fleire av fiskarane vi snakka med som påpeikte, seier dei to filmskaparane.

Men nettopp sidan filmen i sakte bevegelsar viser korleis til dømes hovudkapping må utførast for å unngå skader på fisken og for å oppnå maksimal kvalitet, trur dei fiskarane vil ha dette bildet i minnet når dei sjolvde skal utføre dei same operasjonane. Filmen viser nemleg nøyaktig korleis fisken skal kappast for å unngå til dømes lause øyrebein og øydelagte nakkar, noko som mellom anna gir redusert utbytte og auka bakterievekst. I neste omgang





* Stormen beit godt frå seg på Mjølstaueset fredag føremiddag.

sfilmen

blir resultatet av feilkappinga at fleken ikkje blir ei god salgsvare.

Etter kvart vil filmen også bli lagt ut på internett, men Arhaug og Fjørtoft seier dei har fått klare tilbakemeldingar på at fiskarane føret og fremst vil ha filmen på DVD slik at dei kan sjå den der dei vil uavhengig av internetttilgang. Dei ønskjer òg å sjå filmen i messa, saman med dei andre om bord, slik at dei saman får ei felles forståing av korleis fisken skal behandlast.

* Martin Letnebo var mellom dei som sikra seg eit eksemplar av kvalitetsfilmen som Janita Arhaug (biletet) og Kari Linbeth Fjørtoft delte ut på Landsmøtet til Norges fiskarlag stit veke.

